

aren Sol Kjøk

Den fyrste utstillinga hadde ho i Gjensidige-gården på Fagernes i 1985. Tjue år og seksti utstillingar seinare møtte «Valdres» Sol Kjøk på Galleri 27 i Oslo.

- Ja, eg heitte Solveig før, stadfestar ho.
- Men eg har aldri kjent meg heime i det namnet. Eg er oppkalla etter bestemor mi, men ho att var oppkalla etter Solveig i Peer Gynt. Ei slik dame har eg ingen ting til felles med! Ei søt, blond nikkedokke som kastar bort livet sitt på ein slask? Nei takk!

Atten år i utlandet

Sol Kjøk er alt anna enn blond nikkedokke. Ho er mørkhåra og temperamentsfull, munnrapp og lynande intelligent. Det er også slik folk i Valdres hugsar henne frå ungdomsåra. Både Sol og systera Ashild gjekk ut frå gymnasiet med uvanleg høge karakterar.

Sidan flytte dei frå Valdres og har teke kvar sin retning i yrkeslivet. Sol har budd dei siste atten åra i utlandet, der ho har studert kunsthistorie, språk og litteratur, medan ho heile vegen har arbeidd med det kunstnariske uttrykket sitt. I dag er ho busett i New York på niande året. I Brooklyn fann ho og fleire andre kunstnarar seg eit stort industri loft, som dei eigenhendig bygde om til atelier og bustad. På den tida var Brooklyn ein lite akta bydel med låge

bustadprisar og dårleg omdøme. I dag opplever Brooklyn det same som Soho og Greenwich Village gjorde nokre år tilbake. Kunstnarar, intellektuelle og velstående har «oppdaga» bydelen, og strøymar no til området. For Sol og dei andre kunstnarane i bufellesskapet er dette ikkje berre positivt. Prisane steg og det kan bli vanskeleg å behalde atelieret.

- Eg håpar vi slepp å flytte. Eg kjenner meg knytt til Brooklyn og atelieret. Dessutan har vi stor takterrasse med ei enorm utsikt over heile Manhattan skyline!

Ein septemberdag i 2001 stod Sol på denne takterrassen då eit lite fly tok sikte på World Trade Center. Ei av dei mest fatale hendingane i amerikansk historie skjedde rett framfor augo hennar. Ho ristar på hovudet ved minna.

- New York gjekk av hengslene ein periode, det var heilt vilt.

«Perlestrenger»

Eg møter Sol i Galleri 27 ein vårdag i Oslo. Her har ho ei stor separatutstilling av teikningar og måleri. Utstillinga heiter «Perlestrenger». Det kan høyrst tekjeleg ut, men denne utstillinga osar av kropp. Nakne kroppar i rørsle, fletta inn i kvarandre, eit behageleg kaos av musklar. Anatomien er så korrekt at eg som tilskodar kjenner mjølkesyra og senestrekken, kroppsvarmen og klaustrofobien, som om eg var ein del av biletet. Og som ein raud tråd, perlestrengene. Tynne lekkjer av raude perler som held kroppane saman, snører dei i hop og forankrar dei i den raude kula. I mange av bileta går den glødande, raude kula att. Eg spør kva ho symboliserer.

- Eg mediterer, forstår du. Og ein gong

fekk eg ei slik sterk kjensle av å halde ei raud, lysande kule mellom hendene. Det var som om ho var fylt av kraft og liv. Så oppdaga eg at kula går att som ein raud tråd i kunsten. I mange religionar og kulturar finn ein ho att som eit symbol på det åndelege, eller spirituelle. Solsymbolet er urgamalt. Ofte står det som ein motsats til det fysiske. Men så sag eg eit måleri der Venus, gudinna for det fysiske, jordiske, held den raude kula. Det var neti denne vinklinga eg var ute etter. Aksepten for at kroppen representerer det spirituelle. Ein må ikkje søke seg ut av det fysiske for å oppleve noko sjelfullt.

Musklar og sjel

Sol blir ivrig når ho talar om dette. Ho fortel at mange, særleg i Norge, meiner at sjelfull kunst må vera abstrakt. Dette seier ho seg ikkje einig i.

- Eg meiner debatten om figurativt eller nonfigurativt har forkludra mykje for kunstnarar i Norge. Det er uinteressant og slitsamt å skulle stå opp og forsvare kva form ein vel for kunsten. I New York slepp eg det. Der blir den abstrakte og den figurative kunsten respektert like høgt. Folk ser på innhald, ikkje berre forma.

Sol er oppteken av kropp, og kva kroppen representerer. Kroppen ber sjela i seg, har si eige stoltheit og formidlar det gudommelege. Ho vil at tilskodaren skal kjenne det like mykje i musklane som i sinnet etter å ha sett bileta hennar. Galleriet er difor utstyrt med ei raud, rund plate som hekk ned frå taket. Denne kan publikum balansere på medan dei tek kunsten innover seg. Atelieret hennar i New York er reine gymnsalen. Både ho sjølv og model-

lane testar ut dei fysiske grensene gjennom balansering, styrkeløft, hopping og andre krumspring, medan dei blir fotografert. Det er desse bileta Sol tek utgangspunkt i når ho seinare vev kroppane saman.

Balanse

- Livet handlar om balanse. Det eine ytterpunktet kan ikkje eksistere utan det andre. Eg siterer ein diktar som ein gong skreiv noko slikt som: «Dersom du spør meg om det er godt eller vondt å vera menneske, så svarar eg ja.»

Sol myser mot sola og drikk cappuchino.

Det obligatoriske spørsmålet pressar seg på.

- Saknar du Norge, då? Valdres?

- Eg kjem aldri til å flytte tilbake, om det er det du meiner, kjem det kontant.

- Men visst er det flott å vera tilbake! Særleg no på våren, med alle luktene og lyset. Men eg har budd i utlandet like lenge som eg har budd i Valdres. Eg kjenner meg meir som ein verdsborgar, og veldig som ein newyorkar. Det er min by, eg blir aldri lei den!

Men kring livet ber Sol Kjøk eit belte av sølv. For ein ekte valdris er det lett å kjenne det att. Bunadbeltet er vel også det einaste Sol har felles med Ibsens Solveig. Atten år har gått. Solveig har vorte til Sol, og denne sola har skapt sitt eige, kraftfulle univers i kunsten.

✓ Alice Gudheim

E-post: refaksjonen@avis-valdres.no



Kunstdebatten:

- Debatten om figurativ og abstrakt kunst er uinteressant og øydeleggjande. Å seie at det eine er mindre verd enn det andre, er misforstått snobberi, meiner Sol Kjøk.